



# Ny kommune i indre Sunnfjord

## Prosjektgruppa

Dykkar referanse:

**Sakshandsamar:**  
Øystein Høyvik  
Tlf. 57612650

**Vår referanse:**  
16/3693-73-ØH-  
FE - 002

**Dato:**  
13.03.2017

## Ny kommune i indre Sunnfjord, referat frå møte i prosjektgruppa 10.03.17

Tidspunkt : Fredag 10.03.17 kl 11.00 – 14.30  
Stad : Førde rådhus, møterom Haukedalen

### Til stades:

Atle Fasteland, Ole John Østenstad, Ellen Jensen, Torill Anita Segtnan, Marit Solheim, Elin Enebakk, Stian Jakobsen, Øyvind Bang-Olsen og Øystein Høyvik

### Ikkje til stades:

Trond Ueland

### Utsendt dagsorden

1. Gjennomgang og godkjenning av referat frå møte 15.02.17
2. Intranett/prosjektplass v/ Solveig Masdal Haugsvær
3. Facebook v/ Marit Kleiven
4. Kort gjennomgang av prosjektforventningane som er omtalt i felles kommunestyresak frå september 2016 v/ Øystein Høyvik
5. Saksutgreiing knytt til namn på ny kommune v/ Øystein Høyvik
6. Saksutgreiing knytt til oppretting av fellesnemnd v/ Øystein Høyvik
7. Kartlegging i høve sektor- og fagområde
  - a. Gjennomgang av oppgåve gitt av prosjektgruppa
  - b. Gjennomgang av tilbakemeldingar
  - c. Avklare innhald/dagsorden møte 17.03.17
  - d. Avklare behov for tilleggsutgreiingar i forkant av møte 17.03.17
8. Prosjektorganisering knytt til fellesnemnda – vidare arbeid med notat. Innleiing v/ Øystein Høyvik
9. Vurdere to tiltak som ikkje er omtalt i kommunestyresakene frå september 2016
  - a. Omdømmeprojekt
  - b. Språkprosjekt
10. Drøfte behovet for spelereglar/praksis knytt til ledige stillingar, vakansar, rekruttering mv i perioden dd – 01.01.2020
11. Seminar 3 i regi av KMD, KS og hovudsamanslutningane
12. Samling 2 i administrativt nettverk – kven deltek på samlinga 30. mars 2017
13. Møteplan
  - a. Felles formannskapsmøte 04.04.16
14. Eventuelt

## Gjennomgang og godkjenning av referat frå møte 15.02.17

- Godkjent

## **Intranett/prosjektplass**

- Solveig Masdal Haugsvær informerte om løysing basert på Sharepoint
- Prosjektgruppa gav si tilslutning til valt løysing
- Relevante dokument frå F-området blir lagt på ny løysing, Øystein Høyvik ansvarleg.

## **Facebook**

- Marit Kleiven innleia til drøfting omkring korleis vi kan nytte Facebook
- Bruken av Facebook vil bli drøfta med styringsgruppa i møte 20.03.17

## **Kort gjennomgang av prosjektforventningane som er omtalt i felles kommunestyresak frå september 2016**

- Gjennomført

## **Saksutgreiing knytt til namn på ny kommune**

- Sak knytt til namn skal handsamast av kommunestyra i april
- Utkast til felles saksutgreiing skal vere klar innan 16.03.17, ansvar Øystein Høyvik
- Utkast til felles saksutgreiing blir lagt fram for styringsgruppa som orienteringssak i møte 20.03.17

## **Saksutgreiing knytt til oppretting av fellesnemnd**

- Sak knytt til oppretting av fellesnemnd skal handsamast av kommunestyra i april
- Utkast til felles saksutgreiing skal vere klar innan 16.03.17, ansvar Øystein Høyvik
- Utkast til felles saksutgreiing blir lagt fram for styringsgruppa som orienteringssak i møte 20.03.17

## **Kartlegging i høve sektor- og fagområde**

- Prosjektgruppa gjekk gjennom oppgåva som var sendt ut
- Prosjektgruppa gjekk gjennom tilbakemeldingane frå personal, IKT, helse/omsorg og oppvekst
- Prosjektgruppa vurderer at det ikkje er behov for tilleggsbestillingar i denne omgang
- Prosjektgruppa drøfta innhald i møte 17.03.17. Basert på drøftingane sender Øystein Høyvik ut dagsorden innan tysdag 14.03.17
- Øystein Høyvik utarbeidar presentasjon til møte 17.03.17, og som blir sendt på «høyring» til prosjektgruppa i forkant

## **Prosjektorganisering knytt til fellesnemnda – vidare arbeid med notat**

- Drøfting gjennomført
- Prosjektgruppa vil orientere og søke råd hjå kommunalsjefane mv i møte 17.03.17
- Øystein Høyvik oppdaterer notat i tråd med drøftingane
- Temaet blir sett opp som drøftingssak i møte for styringsgruppa 20.03.17

## **Vurdere to tiltak som ikkje er omtalt i kommunestyresakene frå september 2016**

- Omdømmeprojekt
  - Pr i dag ikkje kapasitet til å starte prosjekt med fokus på omdøme
  - Prosjektgruppa rår til at dette på ny blir drøfta når fellesnemnda er etablert
- Språkprosjekt
  - Pr i dag ikkje kapasitet til å starte opp som eit fellesprosjekt
  - Førde kommune vil starte arbeidet knytt til eigen kommune, men slik at det om ynskjeleg kan takast i bruk av dei andre kommunane

**Drøfte behovet for spelereglar/praksis knytt til ledige stillingar, vakansar, rekruttering mv i perioden dd – 01.01.2020**

- Prosjektgruppa vurderer at det vil bli behov for felles spelereglar/praksis knytt til ledige stillingar, vakansar, rekruttering mv frå hausten 2017
- Prosjektgruppa vurderer at arbeidet med å utarbeide spelereglar/praksis blir starta opp når fellesnemnda er etablert

**Seminar 3 i regi av KMD, KS og hovudsamanslutningane – 23. mars 2017**

- Våre kommunar vil vere representert av Mathias Råheim, Gro Bjørvik (økonomikonsulent Gaular), Lise Mari Haugen (assisterande rådmann Førde – deltek frå Førde via streaming), Bjørnar Karlsen (kommuneadvokat Førde) og Øystein Høyvik

**Samling 2 i administrativt nettverk – 30. mars 2017**

- Atle Fasteland og Øystein Høyvik ev. saman med Lise Mari Haugen deltek.

**Møteplan**

- Felles formannskapsmøte 04.04.16 går ut grunna møtekollisjon. Prosjektgruppa rår til at felles formannskapsmøte blir flytte til august/september 2017, og ev. i kombinasjon med ei større markering av at vi skal bli ein kommune

**Eventuelt**

- Ingen saker

Med helsing

Øystein Høyvik  
leiar

Dette brevet er elektronisk godkjent av Førde kommune om det ikkje er signert.

**Kopi til:**

Fylkesmannen i Sogn og  
Fjordane v/ Træen  
Marit Kleiven  
Solveig Masdal Haugsvær  
Styringsgruppa